



Lasse Andrè Dale

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2746 - 16/1101

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

20.01.2016

Godkjenning av søknad om jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr. 16/2 på Meland

Administrativt vedtak. Saknr: 18/2016

Saksutgreiing:

Lasse Andrè Dale søker i brev dagsett 14.10.15 om løyve til påfylling og planering av jordmassar for å heva eksisterande terreng på Gbnr 16/2 på Meland. Det omsøkte arealet er på ca. 3 daa og har vært nytta til slått og i dei seinare år til beite. Arealet er ei tidligare myr og er i dag ikkje mogleg å hausta maskinelt. Søker ynskjer å fylle på om lag 5000 m³ i ein høgde frå 1-3 meter, med høgast fylling inn mot fylkesvegen. Søker opplyser at han vil skrå terrenget for å få naturleg fall mot elva i nedre kant av arealet.

Myrjord som er den vanlegaste jordarten her i kommunen, har eit naturleg høgt jordsvinn kvart år. Dette inneberer at areal vil bli lågare for kvart år og blir ulendt. Det vert difor vanskeligare å hauste slikt areal maskinelt. I tillegg ligg jorda i dag lavt og det er problem med at jorda held på vatnet. Dette gjer det vanskeleg å komme til med maskiner. Massane som skal fyllast på er stein- og jordmassar frå Mjåtveit næringspark. Det er ikkje avklart kor avkøyring frå fylkesvegen blir, men søker har opplyst at han har kontakt Statens vegvesen for å få klarlagt dette.

Administrasjonen har vurdert tiltaket som søknadspliktig etter ureiningsforskrifta kap. 4, §§ 4-1, 4-2 og 4-4.

Vurdering:

Då myrjord har eit naturleg høgt svinn, vil tilførsel av meir jord i mange tilfelle verer eit aktuelt tiltak for å oppretthalde høg produksjon på jordbruksareal, samt sikra fortsatt maskinell

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

innhausting. I det omsøkte tiltaket vil ein tilfellet vil ein tilføre reine stein- og jordmassar for å betre arealet og gjere det haustbart maskinelt. Administrasjonen vurderer det slik at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med arealformålet LNF. Tiltaket skal gjennomførast på ca. 3 daa og ikkje påfyllas høgare enn 3 meter enn dagens terreng, tiltaket vil difor ikkje medføre vesentleg endring av terrenget. Ved ein påfylling og planering av jordmassar er det viktig at massane blir plassert på ein tenleg måte for framtidig landbruksdrift. Arealet er planlagt nytta til slått etter forbetringa av arealet.

Søknaden om jordpåfylling og planering har vore på høyring hos kulturminnemyndighetane hjå Hordaland Fylkeskommune og Meland kommune. Hordaland Fylkeskommune har ingen merknader til søknaden, men ber om at søkjar unngår inngrep i eller gjer skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar m.m. Kulturavdelinga i Meland kommune hadde ingen merknader til tiltaket knytt til nyare tids kulturminne, men påpeker at det ligg eit SEFRAK-registrert bygg (bygningsnr. 176035854/SEFRAK_ID 1256 209 28) på sørsida av det aktuelle området. Og at dette ikkje må verte skadelidande av tiltaket.

Det aktuelle bygget ligg mellom 10 og 15 meter frå det planlagde området for påfylling og planering av jordmassar. Administrasjonen meiner at bygget ikkje skal bli berørt av tiltaket slik det er planlagt, men understrekar at bygget ikkje må bli skadelidande som følgje av jordpåfyllinga.

Administrasjonen er pliktig etter naturmangfaldslova (NML) § 7 å vurdere søknaden etter NML § 8-12. Kommunen har ikkje funne spesielle naturverdiar eller artar registrert på det aktuelle området eller i middelbar nærleik (jf. § 8). Men bekken i nedrekant av vassdraget er eit av bekkane som renn ned i Dalevatnet og vidare i Mjåtveitlva (jf. § 8). Det er difor viktig at når tiltaket vert utført at det vert gjort på ein skånsam måte for å hindre unødig avrenning frå jordmassane til vassdraget (jf. § 9). Det må lagast ein voll eller liknande for å hindre avrenning eller utgliding av masser til vassdraget. Denne må ikkje leggast nærmare vassdraget enn 2 meter. Vidare er det viktig at det ikkje blir påført jordmassar i dei 2 nærmaste meterne til vassdraget, for å hindre unødig avrenning jf. § 9. Det må såast til så snart tiltaket er ferdig, og administrasjonen meiner at det bør såast til undervegs for å minske sannsynligheten for avrenning. Administrasjon har vurdert den samla belastningen for området etter § 10 samla belastning. Framtidig bruk av arealet etter tiltaket er til slått, området har tidligare vore nytta til slått og beite. Administrasjonen meiner at framtidig bruk ikkje vil auka den samla belastninga for området jf. 10. Naturmangfaldslovas § 11 og 12 er ikkje aktuelle i dette tilfellet.

Administrasjonen meiner at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i NML §§ 8-12, med det vilkår om at det ikkje fyllast på massar i dei 2 meterane nærmast vassdraget.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil føre til ulempe frå naboar eller for trafikkantar ved at området ligger nede i terrenget og er mindre synlig. Det vert stilt som vilkår for eit løyve om påfylling og planering at godkjent løyve til avkøyring frå Statens vegvesen må liggja føre, før tiltaket kan starte. Det vil verte krav om at søkjar kan dokumentera at massane er reine, dette for å hindre unødig ureining i området.

Etter ei samla vurdering meiner administrasjonen at dette er eit viktig og godt tiltak for å sikre god landbruksproduksjon. Søkjar har nylig starta opp att drifta på garden og planelegg og auka dyretallet framover. Dette vil krevje meir areal som kan nyttast til slått og beite. Administrasjonen ser det som positivt at areal som har vore nytta tidligare fortsatt blir drivi, og at det er positivt at ein ynskjer å forbetre jordbruksareala. Samstundes vil gjennomføringa av tiltaket på dette området ikkje medføre negative konsekvensar for omkring liggande område. Men det vil vere viktig å hindre unødig avrenning i anleggsfasen av tiltaket.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på Gbnr. 16/2 på Meland i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal på ca. 3 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 01.10.2017.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Lasse André Dale står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
 - Tiltaket kan ikkje gjennomførast før avkøyring er godkjent av Statens vegvesen.
 - Det må bare køyrast på reine stein- og jordmassar. Kvart lass skal så langt så råd vere dokumentert.
 - Søkjar må kunne framlegga dokumentasjon på at massane som er tilført er reine.
 - Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske rettningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
 - Køyring til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
 - Tiltaket skal sikrast mot avrenning, og i nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast på massar inne på området.
 - Dei nærmaste 2 metrane til elva i ned kant av feltet skal ikkje påfyllas jord- eller steinmassar.
 - Området skal såast til snart det er teknisk mogleg.
 - Det må visast omsyn til SEFRAK-registret bygning på sørsida av området, slik at denne ikkje blir skadelidande.
 -
 - Ved funn av kulturminne skal arbeidet stansast og kulturminnemyndighet varslast jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.
 - Meland kommune kan påleggje stans eller andre naudsynte tiltak for å hindre avrenning til vassdraget.
 - Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.
- Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensning kap. 4 Anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt § 4-4.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Lasse Andrè Dale

